

Rapportering KUP-midlar 2015

Rekneskap vil verta ettersendt etter godkjenning frå revisor. (Revisjon vil skje i februar i samband med at hovudrekneskapen vert revidert).

Bakgrunn og målsetting

Som ein del av satsinga på hardingfeletradisjonen som heilskap, vedtok eigarane av prosjektet Hardingfela.no; Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet, saman med samarbeidspartnerane Hordaland ungdomslag og Hordaland folkemusikklag, å gjennomføra eit forprosjekt med det formål å undersøka behov og moglegheiter knytt til ei folkedanssatsing i Hordaland. Det vart våren 2015 søkt om KUP-midlar til dette arbeidet. Målet var at forprosjektet skulle bidra til ei grundigare klargjering omkring kva ei satsing på folkedansen i fylket bør fokusera på og korleis ei slik satsing bør sjå ut. Satsinga på folkedansen i Hordaland skulle også sjåast i samband til arbeid med folkedans både lokalt og elles i landet.

Oppsummering av gjennomføring

Prosjektleiar for forprosjektet vart tilsett ved Ole Bull Akademiet i 2016. Fram mot sommaren vart det arbeida med å kartlegge aktivitet; tidlegare arbeid på til dømes rekruttering til, og formidling av, tradisjonsdans; og kva for haldningar, tankar og erfaringar som eksisterer ute i ulike miljø, og som viktige nøkkel- og ressurspersonar sit med. Fleire vesentlege dansepersonelegdommar, instruktørar og organisatorar med røter i folkedans- og folkemusikkfeltet vart kontakta – både personar busette i, og med tilknyting til Hordaland, men også ressurspersonar med sitt virke i andre fylker og på nasjonalt nivå. I tilknyting til dette arbeidet og som eit ledd i prosessen med å søka vidare støtte til ei satsing, vart det utarbeida ein rapport: *Folkedans i Hordaland – behov og moglegheiter*.

Forprosjektperioden og rapporten tente som eit fyrste steg på vegen i eit arbeid for å gje folkedansen eit lyft og styrka den – mellom anna gjennom forslag til ulike tiltak som skal gje

fleire hordalendingar moglegheit til å oppleva denne dansearven vår – også i åra som kjem etter oss. Folkedans er immateriell kulturarv, og lyt på bakgrunn av denne typen kulturarv sin karakter, ivaretakast og førast vidare gjennom bruk. Det er difor eit særskilt viktig arbeid Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet, gjennom samarbeidsprosjektet Hardingfela.no, har tatt fatt på.

På bakgrunn av arbeidet gjort fram mot sommaren, vart det i juni søkt fylkeskommunen om KUP-midlar for det vidare arbeidet med å betra vekstvilkåra for folkedansen i fylket. Med bakgrunn i dei tankane og erfaringane ein fekk innblikk i gjennom forprosjektperioden, såg ein det som hensiktsmessig å i første omgang gjennomføra ei 3-årig satsing, men med ei vidare langsiktig tenking ut over desse 3 åra. Ein hovudprosjektperiode for «Folkedans i Hordaland» med avslutting våren 2019, og mogleg oppstart av «Bygda dansar» hausten 2019, vart difor skissert. Tidleg i hovudprosjektperioden for «Folkedans i Hordaland», vil det difor bli utarbeida og sendt inn søknad til Stiftinga for folkemusikk og folkedans (Sff) om det 3-årige prosjektet «Bygda dansar». Det er Sff sitt eige senter Norsk senter for folkemusikk og folkedans som driftar «Bygda dansar»-prosjekta, og prosjektet vil verta finansiert gjennom stiftinga sine løyingar frå Kulturdepartementet, i tillegg til at fylkeskommunen er med og finansierer rund 12 % av det totale budsjettet for desse tre åra. Fyrste moglegheit for Hordaland å få dette prosjektet er i frå 2019. Det vil vera ein enorm styrke for Hordaland – både med tanke på søknaden, men også for gjennomføringa og dei vidare verknadane i etterkant av «Bygda dansar»-prosjektet - å ha ei dansesatsing slik som «Folkedans i Hordaland», i forkant av dette. Det vil kunna gjera at ein vidare kan få rekruttert endå fleire til folkedansen, både før under og etter «Bygda dansar», i tillegg til at ein betre vil kunne ta i mot og halda ved lage dei positive effektane desse to prosjekta kan gje kvarandre.

Igjennom året har ein elles også arbeida med nettverksbygging; oppretta kontakt med ulike aktørar for samarbeid og gjennomføring av enkelte tiltak; søkt vidare støtte til enkelttiltak og samarbeidsprosjekt; halde samlingar og seminar for born, unge og vaksne, slik som kveldssamling for born og unge (i samarbeid med Hardanger spelemannslag og Voss

spelemannslag) og helgesamlinga UngOsa for born og unge under Osafestivalen (i samarbeid med Osafestivalen).

Vidareføring av prosjektet - hovudprosjekt

Vi er svært takksame for at fylkeskommunen i oktober innvilga søknaden og løyvde 450 000,- i tilskot til vidare satsing. Støtta til det første av dei tre åra av hovudprosjektet «Folkedans i Hordaland», sikrar at det påbyrja naudsynte og viktige arbeidet med å halda ved like og lyfta fram folkedansen i Hordaland – som blant anna er vår felles kulturarv – i alle høve kan fortsetta i eit år til, i fyrste omgang. Andre bidragsytarar som så langt også har løyvd midlar til enkelttiltak i satsinga for 2017, er Sparebankstiftinga Hardanger og Norsk Kulturråd. I tillegg er Norsk senter for folkemusikk og folkedans ein viktig samarbeidspartner i form av fagleg rådgjeving og rettleiing.

Også det vidare arbeidet i hovudprosjektperioden lyt gjerast i samråd, og/eller i samarbeid, med ressursmiljø og ressurspersonar som finnast omkring i fylket. Dette fordi ein ser det særvesentleg å involvera desse, ikkje berre grunna all den verdifulle kompetansen og erfaringa desse sit med, men også for den framtidige vidareføringa av tradisjonsdansen i fylket *også etter prosjektperioden er over*. For at ein skal få til eit slikt samarbeid er det viktig å halda ved like og bygga opp gode relasjonar og samarbeid. For å bygga opp eit godt nettverk, ha ein god dialog og hensiktsmessig kompetansedeling er det fleire barrierar ein lyt overkomma, og det kan ta tid å implementer og etablere dette. Det har difor heile vegen, også etter innlevering av rapport og søknad i juni, vore sett på som ein viktig del av prosjektet å stadig innhente informasjon, tankar og erfaringar frå ulike lokalmiljø og ressurspersonar. Det har også vore viktig å formidla informasjon både om prosjektet Hardingfela.no og dansesatsinga Folkedans i Hordaland. Både for å bygga gode relasjonar til lokale ressursmiljø og ressurspersonar og for å finna gode løysingar for kva tiltak som kan passa lokal. Dette er ein aktivitet som lyt sjåast som kontinuerleg og vi har enno mykje arbeid framom oss når det gjeld å nå fram til endå fleire aktørar – både innan folkemusikk og folkedans – men også fleire andre aktørar det kan vera hensiktsmessig og interessant å samhandla og samarbeida med.

Det var som skrive svært gledeleg at fylkeskommunen i oktober innvilga tilskot, i fyrste omgang til det fyrste av dei tre åra, til vidare arbeid med dansesatsinga «Folkedans i Hordaland». Dette året vil ein bruka på å setja i gong fleire av dei skisserte tiltaka (blant anna tiltaket «Oldefars dansemoves» og samarbeid med fotballklubb på Voss), i tillegg til at ein håpar å komma opp med endå fleire lokalt tilpassa tiltak i samarbeid med ulike ressursmiljø og ressurspersonar. Ein vil også halda fram med og utvikla dei tiltaka ein gjennom 2016 har vore med på å gjennomføra.

Endringar i høve prosjektskissa vil dreia seg om at ein ikkje nødvendigvis kan gjera faste langsigte avtalar (utover 2017), då ein i fyrste omgang berre har midlar for det fyrste av dei tre åra. Her vert det då naudsynt å ta omsyn til dei økonomiske rammene, slik at ein ikkje legg fram idear som kan skapa store forhåpningar for involverte partar, for deretter å bidra til skuffelse og demotivasjon, gjennom at planane ikkje kan gjennomførast likevel. Vi vil uansett halde fast ved å sjå satsinga som langsigting, og vonar at vi saman kan gje folkedansen i Hordaland eit lyft som vil bidra til at mange fleire Hordalendingar vil få glede av folkedansen vår i lang tid framover.

Vedlagt ligg nokre utvalde bilete frå helgesamlinga UngOsa under Osafestivalen; kveldssamling i Granvin; og seminar for kulturskulelærarar og instruktørar, i tillegg rapporten *Folkedans i Hordaland - behov og moglegheiter* (også sendt inn tidlegare).



Jo Asgeir Lie
(Ole Bull Akademiet)



Magni Rosvold
(Prosjektleiar)